



---

## Tegnspråkutvalget NOU Kulturdepartementet

### Innspel

Faggruppa teiknspråk og tolking ved institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking (ISLMT) ved Høgskulen på Vestlandet (HVL), har i mange år undervist i bachelorstudiet «tegnspråk og tolking». Vi tilbyr også vidareutdanning for lærarar i ordninga *kompetanse for kvalitet* «norsk tegnspråk 1, 1-13. trinn», 30 studiepoeng, «norsk tegnspråk 2, 1-13. trinn», 30 studiepoeng, “tolking i offentleg sektor”, 30 studiepoeng og «skjermtolking» 15 studiepoeng. Faggruppa driv forskning innan mellom anna teiknspråklingvistikk, inkludering av høyrselshemma barn i skulen, døve immigrantar, tverrspråkleg kommunikasjon, utvikling av profesjonell identitet som tolk, og teikn til tale.

Vi har og har hatt studentar frå majoritetssamfunnet (høyrande med norsk som førstespråk) og frå ulike minoritetsgrupper, blant anna døve med norsk teiknspråk som førstespråk og høyrande med eit anna førstespråk enn norsk. Med utgangspunkt i eiga forskning, har vi også differensiert bachelorstudiet i teiknspråk og tolking for å inkludere og gje eit likeverdig tilbod til både døve og høyrande tolkestudentar. I arbeidet vårt med å utdanne studentar, samarbeider vi tett med praksisfeltet. Dette inkluderer også døvesamfunnet generelt, og Bergen døvesenter spesielt.

Vi nyttar med dette skrivet mogelegheita til å sende innspel til Tegnspråkutvalget, og håper det ikkje kjem for seint. Vi set lys på det vi ser på som utfordringar, og vi kjem med forslag til tiltak for å styrke teiknspråkarbeid i tråd med språklova og språkpolitikken.

Vi merkar oss at språklova stadfestar at norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Norge, og at det som språkleg og kulturelt uttrykk er likeverdig med norsk. I tegnspråkutvalget sitt mandat er det peika på at det er behov for ein *fornya* teiknspråkpolitikk slik at tilgangen til teiknspråk kan aukast i relevante sektorar

Våre innspel er primært knytt mot lovverk, ordningar og tiltak som i ulike sektorar omfattar norsk teiknspråk, og behov for dokumentasjon av norsk teiknspråk, som vil styrke forskning på språket og fremme bruken av det.





For å bli godkjent som tolk mellom norsk teiknspråk og norsk, er kravet bachelor i teiknspråk og tolking. Dette er ei 3-årig utdanning der studentane skal lære ikkje mindre enn norsk teiknspråk, tolking mellom norsk og norsk teiknspråk, tolking til/frå teikn som støtte til munnavlesing, skrivetolking og tolking, ledsaging og beskrivelse til personar med kombinert syns- og høyrselshemming/døvblindheit. Vår meining er at det er i overkant mykje som skal lærast på tre år, og det er derfor behov for å forlenge utdanninga til fire år. Dette må til for å kunne utdanne tolkar som kan tilstrebe å nå dei krav som vert stilt i feltet.

I forlenginga av det bør det også leggst til rette for etter- og vidareutdanningar for tolkar, som ein slags obligatorisk CPD (Continuing professional Development). Slik kan tolkane auke sin kompetanse og også spesialisere seg til å tolke innanfor ulike felt.

Videre meiner vi at tolkar med erfaring og etter- og vidareutdanning bør kompensere lønnsmessig slik at erfarne tolkar og tolkar med meir utdanning lønnast høgare enn nybegynnarar. Det kan kanskje motivere fleire til å ta etter- og vidareutdanning som der igjen kan gje høgare kvalitet på tolkinga som vert tilbydd. Tolkar med høgare utdanning kan også rekrutterast inn til teiknspråk- og tolkeutdanningane. Det er et stort behov for slik kompetanse.

Det er eit stort behov for (meir) kunnskap om høyrselshemming og norsk teiknspråk i skular, spesielt der det er teiknspråklege elevar. Vi meiner inkludering av høyrselshemma elevar krev meir enn å sette inn tolk, det blir ei heller et språkmiljø av at en underviser lærer seg norsk teiknspråk. Det er behov for teiknspråkleg tilsette (personar med norsk teiknspråk som førstespråk), som og kan fungere som kulturberar og språkmodellar for elevane, og det er behov for å utdanne slike lærarar. I tillegg vil kursing av andre tilsette og elevar vere viktig. For det er sårbart dersom det til dømes er berre éin elev på ein heil skule som skal ha opplæring etter §5.1 eller §2.6 når det er få som kan teiknspråk. Det må også prioriterast meir ressursar til relevant læringsmateriale for å kunne gi ei god opplæring i og på teiknspråk. Ut over dette vil faggruppa i teiknspråk og tolking ved HVL vil også peike på at det bør komme på plass fleire tilbod innan høgare utdanningar som er tilrettelagt for døve studentar (ref. [vernepleiarutdanning ved USN](#)). Dette inkluderer også nødvendighetene av å lage utdanningsprogram for døve med norsk teiknspråk som førstespråk for å bli lærarar i norsk teiknspråk i grunnskule, vidaregåande skule og i høgare utdanning.

Generelt er det eit behov for å gje tilbod om utdanning i norsk teiknspråk til personar i alle aldrar og i alle profesjonar. Det vil bidra til å skape fleire arenaer der norsk teiknspråk kan styrkast, utviklast og bevarast.

Vårt forskingsarbeid i det NFR-finansierte prosjektet DEPICT (i forskingsgruppa Tegnspråk, tolking, lingvistikk og kommunikasjon) vil bidra til meir kunnskap om norsk





---

teiknspråk, spesielt innan avbiling. Målet er å undersøke avbiling i tegnede språk, og korleis det kan fungere som ei drivkraft for å fremme inkludering, kommunikasjon og oversetning. Datamaterialet vil bli lagra ut over prosjektperioden, og det vil vere mogeleg å forske vidare på norsk teiknspråk med andre forskingsspørsmål. Eit viktig element er prosjektet si tilknytning til døvesamfunnet. Tilknytninga blir ivaretatt blant annet gjennom samarbeid og felles diskusjonar i og rundt prosjektet.

Vår melding til utvalet er at det er behov for å utdanne forskarar med kompetanse i norsk teiknspråk, og spesielt med norsk teiknspråk som førstespråk. Det må prioriterast midlar til dette, og midlar til forskning på språkbeskrivelse og teiknspråkopplæring (fagdidaktikk og språkinnlæring).

Faggruppa Teiknspråk og tolking

FLKI/HVL